
Saksnr:	2023/82136-2
Saksbehandlar	Lene Borgen Waage
Dato:	14.01.2024

Til: Hovudutval for næring

Frå: Avdelingsdirektør for Næring, plan og innovasjon

Oppdaterte 2022-tal for utslepp av klimagassar i kommunar og fylke

Bakgrunn

Miljødirektoratet oppdaterer klimagassrekneskapa for kommunar og fylker årleg. Til grunn for utrekninga ligg eit stort samarbeid mellom miljødirektoratet, SSB, KS og ei rekkje andre faginstansar¹.


13. desember 2023 vart tala for 2022 lagt ut på miljødirektoratet sine sider for utslepp av klimagassar i kommunar og fylke².

Per 2022 var samla utslepp i Vestland 6 538 000 tonn CO₂-ekvivalentar. I dette notatet finn ein nøkkeltal og visualiseringar for del utslepp frå Vestland i Norge, sektorvis fordeling og utvikling over tid for dei ulike sektorane. For fleire analyser og visualiseringar på fylkes- og kommunenivå kan ein mellom anna gå inn i Grøn region Vestland sitt dashboard³.

Vestland er fylket med høgast del utslepp i Noreg

Vestland står for 18 % av utsleppa i Noreg og er dermed fylket med høgast utslepp. Det er store sektorvise forskjellar. Særleg er del utslepp i Vestland høg for energiforsyning, sjøfart og industri, olje og gass.

Figur 1 Fordeling av utslepp mellom norske fylke i 2022




¹ <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2023/desember-2023/klimagassregnskap-for-kommuner-metoderapport/>

² <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner> Det vil erfaringsvis bli gjort mindre justeringar i talgrunnlaget etter publisering. Det kan derfor vera mindre forskjellar mellom tala i dette notatet og tala på nettsida.

³ <https://www.gronregionvestland.no/dashboard>


Figur 2 Fordeling av utslepp norske fylker i ulike sektorar i 2022



Merk at offshore utslepp frå olje og gass, og utslepp frå fluor og fritidsbåtar ikkje er fordelt på fylke og kommunar. Dei totale utsleppstala for Norge er dermed høgare enn summen av dei fylkesfordelte utsleppa. SSB-tabell 13931 visar totaltala for Norge og kunne ha vore eit alternativt samanlikningsgrunnlag. Då tala ikkje nødvendigvis er direkte samanliknbare, har me valt å ikkje samanlikne med denne tabellen. Slik sett kan ein seie at del utslepp av dei totale norske utsleppa er lågare. På den andre sida skjer mykje av aktiviteten i offshore olje og gass utanfor Vestland fylke.

Sektorvis fordeling av utslepp i Vestland

Figur 3 Sektorvis fordeling utslepp i Vestland i 2022



Industri, olje og gass står for 47 % av utsleppa i Vestland⁴. Deretter følgjer sjøfart (22 %), vegtrafikk (11 %), jordbruk (7 %) og energiforsyning (6 %), medan dei andre sektorane står for ein mindre del av dei totale utsleppa.

Utvikling i utslepp

Figur 4 Utslepp ulike sektorar i Vestland 2009-2022

Sektor	2009	2013	2015	2020	2021	2022
Industri, olje og gass	3126 tusen	3995 tusen	3752 tusen	2786 tusen	3180 tusen	3075 tusen
Sjøfart	1144 tusen	1144 tusen	1144 tusen	1396 tusen	1353 tusen	1463 tusen
Veitrafikk	1038 tusen	988 tusen	957 tusen	725 tusen	725 tusen	710 tusen
Energiforsyning	108 tusen	737 tusen	711 tusen	612 tusen	668 tusen	390 tusen
Jordbruk	463 tusen	440 tusen	453 tusen	438 tusen	440 tusen	441 tusen
Avfall og avløp	276 tusen	240 tusen	225 tusen	188 tusen	177 tusen	174 tusen
Annen mobil forbrenning	155 tusen	206 tusen	203 tusen	186 tusen	171 tusen	165 tusen
Oppvarming	142 tusen	130 tusen	101 tusen	50 tusen	50 tusen	64 tusen
Luftfart	58 tusen	68 tusen	62 tusen	32 tusen	38 tusen	57 tusen
Totalt	6511 tusen	7949 tusen	7609 tusen	6415 tusen	6801 tusen	6538 tusen

⁴ Dette er i all hovudsak landbasert industri, der ein kan finne utsleppstal på verksemdsnivå gjennom <https://www.norskeutslipp.no/no/Landbasert-industri/?SectorID=600>

Endringer frå 2021 til 2022

For Vestland fylke er det små endringer i det samla utsleppet, med ein reduksjon på 4 % (263 000 tonn CO₂-ekvivalentar) frå 2021 til 2022.

- Reduksjonen skuldast i stor grad redusert aktivitet ved gasskraftverket på Mongstad (innanfor sektoren energiforsyning), som har gitt ei reduksjon på 278 000 tonn CO₂-ekvivalentar.
- Etter ein nedgang som ei følgje av pandemien har både cruiseskip (sjøfart) og luftfart hatt eni auke i utslepp siste år på til saman 174 000 tonn CO₂-ekvivalentar.

Langsiktige trendar for dei ulike utsleppskjeldene

Vestland har hatt ein auke på 0,4 % i utslepp frå fyrste år miljødirektoratet starta sine berekningar i 2009, men også ein nedgang på 18 % sidan toppåret i 2013. Det er store sektorvise forskjellar i storleik og utvikling for utslepp:

Sektor	2009	2013	2015	2020	2021	2022
Industri, olje og gass	3126 tusen	3995 tusen	3752 tusen	2786 tusen	3180 tusen	3075 tusen
Industri, olje og gass	3126 tusen	3995 tusen	3752 tusen	2786 tusen	3180 tusen	3075 tusen
Sjøfart	1144 tusen	1144 tusen	1144 tusen	1396 tusen	1353 tusen	1463 tusen
*Estimat sjøfart	1144 tusen	1144 tusen	0 tusen	0 tusen	0 tusen	0 tusen
Passasjer	0 tusen	0 tusen	259 tusen	299 tusen	323 tusen	311 tusen
Offshore supply skip	0 tusen	0 tusen	309 tusen	246 tusen	234 tusen	243 tusen
Andre aktiviteter sjøfart	0 tusen	0 tusen	86 tusen	233 tusen	260 tusen	231 tusen
Stykkogodsskip	0 tusen	0 tusen	111 tusen	112 tusen	108 tusen	100 tusen
Fiskefartøy	0 tusen	0 tusen	86 tusen	108 tusen	97 tusen	99 tusen
Råoljetankere	0 tusen	0 tusen	29 tusen	95 tusen	86 tusen	86 tusen
Andre offshore serviceskip	0 tusen	0 tusen	45 tusen	110 tusen	51 tusen	61 tusen
Cruiseskip	0 tusen	0 tusen	74 tusen	10 tusen	10 tusen	165 tusen
Kjemikalietankere	0 tusen	0 tusen	59 tusen	59 tusen	63 tusen	64 tusen
Ro Ro last	0 tusen	0 tusen	15 tusen	35 tusen	31 tusen	20 tusen
Gasstankere	0 tusen	0 tusen	11 tusen	27 tusen	25 tusen	28 tusen
Bulkskip	0 tusen	0 tusen	21 tusen	19 tusen	21 tusen	19 tusen
Kontainerskip	0 tusen	0 tusen	16 tusen	20 tusen	15 tusen	15 tusen
Oljeprodukttankere	0 tusen	0 tusen	13 tusen	13 tusen	18 tusen	12 tusen
Kjøle-/ fryserskip	0 tusen	0 tusen	11 tusen	10 tusen	10 tusen	9 tusen
Veitrafikk	1038 tusen	988 tusen	957 tusen	725 tusen	725 tusen	710 tusen
Personbiler	576 tusen	570 tusen	544 tusen	368 tusen	352 tusen	333 tusen
Tunge kjøretøy	240 tusen	238 tusen	240 tusen	211 tusen	218 tusen	221 tusen
Varebiler	165 tusen	125 tusen	122 tusen	105 tusen	114 tusen	117 tusen
Busser	57 tusen	55 tusen	52 tusen	42 tusen	40 tusen	39 tusen
Energiforsyning	108 tusen	737 tusen	711 tusen	612 tusen	668 tusen	390 tusen
Elektrisitetsproduksjon og annen energiforsyning	24 tusen	610 tusen	582 tusen	483 tusen	537 tusen	264 tusen
Avfallsforbrenning	67 tusen	119 tusen	123 tusen	126 tusen	127 tusen	126 tusen
Fjernvarme unntatt	16 tusen	8 tusen	7 tusen	3 tusen	4 tusen	0 tusen
Jordbruk	463 tusen	440 tusen	453 tusen	438 tusen	440 tusen	441 tusen
Fordøylsesprosesser husdyr	255 tusen	238 tusen	243 tusen	233 tusen	236 tusen	240 tusen
Jordbruksarealer	131 tusen	128 tusen	134 tusen	132 tusen	130 tusen	129 tusen
Gjødselhåndtering	77 tusen	74 tusen	76 tusen	73 tusen	73 tusen	72 tusen
Avfall og avløp	276 tusen	240 tusen	225 tusen	188 tusen	177 tusen	174 tusen
Avfallsdeponiggass	229 tusen	194 tusen	183 tusen	138 tusen	129 tusen	126 tusen
Avløp	42 tusen	40 tusen	38 tusen	39 tusen	38 tusen	39 tusen
Biologisk behandling av avfall	6 tusen	6 tusen	4 tusen	11 tusen	11 tusen	9 tusen
Annen mobil forbrenning	155 tusen	206 tusen	203 tusen	186 tusen	171 tusen	165 tusen
Bygg og anlegg	60 tusen	84 tusen	85 tusen	60 tusen	65 tusen	58 tusen
Andre næringer	49 tusen	67 tusen	55 tusen	59 tusen	46 tusen	44 tusen
Tjenester tilknyttet transport	24 tusen	28 tusen	36 tusen	42 tusen	32 tusen	35 tusen
Jordbruk	18 tusen	17 tusen	16 tusen	17 tusen	17 tusen	16 tusen
Behandling av avfall	3 tusen	7 tusen	8 tusen	6 tusen	8 tusen	7 tusen
Skogbruk	1 tusen	2 tusen	2 tusen	1 tusen	2 tusen	2 tusen
Snøscooter	1 tusen	1 tusen	1 tusen	1 tusen	1 tusen	1 tusen
Oppvarming	142 tusen	130 tusen	101 tusen	50 tusen	50 tusen	64 tusen
Fossil olje	71 tusen	57 tusen	43 tusen	1 tusen	2 tusen	9 tusen
Vedfyring	33 tusen	30 tusen	24 tusen	28 tusen	26 tusen	31 tusen
LPG	8 tusen	18 tusen	13 tusen	13 tusen	15 tusen	16 tusen
Naturgass	9 tusen	9 tusen	9 tusen	5 tusen	3 tusen	4 tusen
Fyringsparafin	14 tusen	10 tusen	6 tusen	0 tusen	0 tusen	0 tusen
Annet	6 tusen	6 tusen	6 tusen	4 tusen	4 tusen	4 tusen
Bioenergi	0 tusen	0 tusen	0 tusen	0 tusen	0 tusen	0 tusen
Luftfart	58 tusen	68 tusen	62 tusen	32 tusen	38 tusen	57 tusen
Innenriks luftfart	45 tusen	47 tusen	43 tusen	27 tusen	32 tusen	40 tusen
Utenriks luftfart	13 tusen	21 tusen	19 tusen	5 tusen	6 tusen	17 tusen
Totalt	6511 tusen	7949 tusen	7609 tusen	6415 tusen	6801 tusen	6538 tusen

Av trendar vi kan merke oss er:

- Samla sett er det ein utsleppsreduksjon på 1,6 % for industri, olje og gass frå 2009-22. Dermed er dette framleis den største sektoren for utslepp, med totalt 3 075 000 tonn i 2022. Sektoren hadde ei stor auke frå 2009-2013. Dette var mykje grunna finanskrisa med låg aktivitet i 2009. Etter toppåret i 2013, var det ein nedgang fram til 2020, som i stor grad skuldast betre karbonproduktivitet, det vil seie lågare utslepp til gitt produksjon. Etter dette har det vore ei svak auke, som skuldast auka produksjonsnivå⁵.
- For sjøfart er det fram til 2015 berre gjort estimat på tvers av dei ulike utsleppskjeldene. Sidan 2015 har det vore ei auke i utslepp frå sjøfart på 28 %. Auka er i stor grad knytt til cruiseskip og andre aktivitetar sjøfart⁷.
- Vegtrafikk har samla hatt ei reduksjon på 31,6 % frå 2009-2022. Reduksjonen er særleg knytt til personbilar (42 %) og bussar (31 %), medan det berre er mindre endringar for tunge køyretøy og varebilar.
- Energiforsyning har hatt ein svært stor auke frå 2009-22 (260 %). Dette skuldast gasskraftverket på Mongstad. I lys av redusert aktivitet fekk ein ein tilsvarande nedgang på 42 % frå 2021-22.
- For jordbruk er det svært små endringar i perioden, med ein reduksjon på 5 % frå 2009-22.
- Avfall og avlaup har hatt ein reduksjon på 37 % frå 2009-22. Reduksjonen er knytt til utsleppskjelda avfallsdeponigass i perioden 2015-2021.
- For anna mobil forbrenning er det svært små endringar i perioden, med ei auke på 6 % frå 2009-22.
- For oppvarming er det samla eit kutt på 55 % frå 2009-22. Reduksjonen er særleg knytt til fossil olje og fyringsparafin, som nesten er heilt utfasa. LPG (flytande petroleumsgass) har hatt ei liten auke. Vedfyring, naturgass og andre kjelder er nærast uendra.
- For luftfart er det svært små endringar frå 2009-22. Likevel verdt å merke seg at det har vore ei auke frå 2021-22, fordi ein har auka trafikken etter koronapandemien.

⁵ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/klimatekna-og-natur/regional-klimatekna-plan/kunnskapsgrunnlag--regional-plan-for-klimatekna.pdf> (s 43)

⁶ Auka i produksjon er til dømes knytt til opning av hall B i Sør-Norge Aluminium på Husnes, <https://www.hydro.com/no-NO/media/news/2020/production-restarts-at-the-hydro-husnes-b-line/>

⁷ Jf miljødirektoratet sitt metodenotat inkluderer dette fartøy til mudring, kabellegging, redningsarbeid (inkl. taubåtar) og forskning, og andre fartøy som nyttast til andre formål enn dei andre kategoriane, som t.d. havbruksfartøy. Inkluderer også utslepp frå mobile riggar med eige IMO-nummer. <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2023/desember-2023/klimatekna-regnskap-for-kommuner-metoderapport/>